

Oversikt over profeten Jesaja og hans budskap

Roald Kvam © 2008

1. **Bakgrunn.**

- Truleg frå Jerusalem. Er i alle høve verksam der.
- Kanskje av fornem ætt. Han går stadig mellom dei leiande i landet.
- Historieskrivar? Jfr 2 Krøn 26, 22: 32, 32.
- Gift (Jes 8, 3). Og har (minst) to søner som med namna sine vert tatt inn i profettenesta åt Jesaja (Jes 7, 3: 8, 3).

2. **Kall.**

- Jes 6.

3. **Tid.**

- Vert kalla til teneste i dødsåret åt kong Ussia/ Asarja i 736 (Jes 6, 1), og er verksam også under kong Hiskia i 697 (Jes 1, 1).
- Det er fortalt at Jesaja døyr som martyr under kong Manasse. Han gøymde seg i eit uthola tre og vart gjennomsga (jfr Hebr 11, 37).

4. **Stad.**

- Sørriket. Helst Jerusalem.

5. **Situasjon.**

- *Nordriket:* Kongane vert skildra som ugudelege.
- *Sørriket:* Fleire av kongane er skildra som paktstru, m.a kong Ussia.
- *Åndeleg og moralsk situasjon:* Trass nokre betre kongar er situasjonen i sør totalt sett ikkje mykje betre enn den er i nord.
- *Politisk og økonomisk:* Assyrriket er svakt. Det betyr velstandsperiode i Sørriket – både politisk, økonomisk og kulturelt. Situasjonen under kong Ussia liknar den ein møter under kong Jeroboam II: Alt såg fint ut. Det var velmaktstider, men helst for dei få. Fråfallet var kan hende "finare", men like alvorleg.

- *Kongane:*

Ussia (787-736).

Jotam (756-741).

Akas (741-725).

Den syrisk-efraimitiske krig (734-33).

Vil ikkje inn i forbundet (nordriket + Syria) mot Assyrrane, men bodsender dei mot forbundet. Jesaja talar mot kong Akas avdi han søker hjelp hjå assyrrane i plassen for Herren.

Hiskia (725-697).

Rydder vekk avgudsbileta til assyrrane. Fell i unåde hjå assyrrane. Gudsforholdet har ein blomstringsperiode.

Manasse (696-642).

Byggjer opp att avgudsbileta åt assyrrane.

6. **Bodskapen.**

a) **Der og då.**

- Grunna situasjonen, må Jesaja tala på same måten som Amos og Hosea.

Amos; sosial urett.

Hosea; gudsyrdinga, hjarteforholdet.

Jesaja; vantru politikk.

Israels politikk kan ikkje løysast frå Israels forhold til Herren, men vil stadig vitna om korleis dette forholdet er.

- Jesaja er *domsprofet* (Jes 6, 9f).

Han skal *forkynna dom* over folket og ved si forkynning sjølv vera med å *framskunda domen*.

- Jesaja er *frelsesprofet* (Jes 40, 1ff):

Hjå Jesaja møter vi ei rekke av dei rikaste messiasprofetier i GT.

b) **Her og nå.**

- All usunn sjølvtru vert ramma av profetens bodskap - til alle tider.

Til alle tider søker mennesker tilflukt i menneskemakt - og ikkje hjå Gud.

Til alle tider styrer mennesker politisk i blind tru på seg sjølv - og utan å rekna med Gud.

- For Guds folk, menigheten:

Eit kall til å vakta seg for å prøva byggja Guds rike ved menneskemakt og i tillit til eigen dugleik.

Berre i trua på Herren/ Herrens tenar har Guds folk framtid.

7. **Boka.**

a) **Eit profetbibliotek?**

- Jes 39 sml Jes 40.

- Jes 1-39.

700-talet.

Verdsmakta er Assyria.

- Frå Jes 40.

Tida kring 550.

Israel er i fangenskap i Babylon, verdsmakta etter Assyria.

b) **Forslag til inndeling.**

Alternativ I:

Jes 1-12: Domsord mot Judea og Jerusalem.

Jes 13-23: Domsord mot dei andre folka.

Jes 24-27: Jesaja-apokalypsen (apokalypse = openberring).

Jes 28-35: Domsord mot Judea.

Jes 36-39: Historiske skildringar (sml 2 Kong).

Jes 40-48: Fridom frå fangeskap.

Jes 49-59: Frelse frå synd.

Jes 60-66: Det komande frelsesriket.

Alternativ II:

Jes 1: Herrens sak med Juda.

Jes 2-6: Forherdingsboka.

Jes 7-12: Immanuelsboka.

Jes 13-39: Folkeboka.

13-23: Guds dom over folkeslaga.

24-27: Guds og gudsrikets endelege siger.

28-35: Guds ve-rop og herlege forløyising.

36-39: Gud setter Hiskia på prøve.

Jes 40-66: Trøysteboka.

40-48: Forløyising og frelse frå Babel ved Herrens salva, Kyros.

49-57: Forløyising frå synda ved Herrens lidande tenar, Messias.

58-66: Den evige forløyisinga.

«Deutero-Jesaja» og trøysteboka (Jes 40-66).

Deutero-Jesaja. Eit Forfattarspørsmål.

Tanken om to eller fleire forfattarar dukka opp på slutten av det 18. årh, då ein vart oppt: einaste historisk vitnemål om to eller fleire.

1. Kvi for er Jesaja delt i 2 eller 3?

- Det er tale om *ei anna historisk tid* enn i kap 1-39.
- *Skilnad i språkbruk* (men meir enn 300 uttrykk er felles i dei to/ tre delane, m.a uttrykk som ikkje er kjent hjå seinare profetar).
- *Innhaldet* er prega av trøyst og von som hjå dei profetane som opptrer etter Jerusalems fall.
- *Jesaja sitt namn* er ikkje brukt i siste del av boka, men fleire gongar i første.
- Bruk av *tilføyelser til Jahve-namnet* (Jes 43, 14f: 44, 6: 45, 18: 47, 4).

- *Ord vert gjentatt* (Jes 40, 1: 43, 11).
- *Javhe som Skapar* er understreka og ei sterk vekt på *Jahve som historia sin Herre*.
- *Templet og Jerusalem* verkar vera i ruiner (Jes 42, 22ff: 44, 26. 28: 49, 15-17: 52, 9).
- *Kyros* vert nemnd med namn og verkar vera kjent (Jes 41, 2f. 25: 44, 28-45, 6). Ein meiner m.a. difor at stoffet stammer frå ein profet som lever mot slutten av eksiltida - etter at Kyros har teke makta (559-529 f Kr).

2. Kvi for er Jesaja-boka éi bok?

- *Den jødiske tradisjonen* kjenner ikkje til Deutero-Jesaja.
- *Esra* (omlag 450 f Kr), LXX og dei som fastsetter *den GT-lege kanon* talar ikkje om saka.
- *Jesu Siraks visdom* (omlag 180 f Kr), 48, 22-25 omtalar Jesaja: «Han var stor og trofast i det syn han hadde... Han så i en fremragende ånd (ved den store Ånd) hva som skulle komme til å skje. Og han trøstet dem som sørget i Sion. Han viste dem de ting som skulle skje ved enden av tiden og de skjulte ting».
- *Josefus* refererer til Jesaja - m.a til hans profeti om Kyros og seier at den vart tala omlag 140 år får templets øydelegging.
- *NT (og Jesus!)* viser alltid berre til profeten, profeten Jesaja eller Jesaja.
- *Qumran-skriftene* frå 1947 rommer ein Jesaja-rull, datert 125 f Kr - ingenting tyder på at ei ny bok byrjar frå kap 40.

